

## **BRANDAL FISKERIHAMN – MOLOAR OG EIGEDOMSRETTAR**

### **Vedkomane korrespondanse mellom Kystverket og Hareid kommune.**

- I brev datert 20.02.19 melde Kystverket til Hareid kommune at dei har i oppdrag å avhende Brandal fiskerihamn.
- Ved brev av 13.09.2019 varsla Kystverket at avhendingsprosessen vart innstilt pga "ressurs- og kapasitetsmessige hensyn".
- Hareid kommune fekk ny melding om avhending i brev av 27.01.2020.
- I e-post av 05.02.2020 ba Hareid kommune om ei forklaring på kvifor denne saka er aktualisert så kort tid etter at Kystverket sjølve innstilte avhendingsprosessen.
- Kystverket har valt å ikkje gje forklaring som vart etterspurd.
- Kystverket har invitert til eit skype-møte 18.02.2020 og oppmoda Hareid kommune om å sende skriftlege spørsmål før 14.02.2020.

### **Kort historikk.**

Arbeidet med Nordre molo starta i 1954, og Hareid kommune har ein del dokumentasjon på arbeid og finansiering fram til Kystverket starta forlenging av nordre molo og bygging av søndre molo i 1986. Arbeidet vart ferdig i 1987.

Kystverket stod for arbeidet med moloane. Hareid kommune hadde ansvar for regulering av området. Hareid kommune hadde ansvar for grunneigaravtalar og eventuell innløyising av rettar og eigedom.

Kystverket forsterka Kvitnesvegen på strekninga mellom steinbrotet og moloane. Kystverket forsterka brua med armert betongdekke på den kommunale Kvitnesvegen. I tillegg bygde Kystverket to solide møteplassar på privat grunn langs Kvitnesvegen. Kystverket stod for arbeidet på og ved Kvitnesvegen medan Hareid kommune hadde ansvar for grunneigaravtalar og eventuell innløyising av grunn.

### **Spørsmål 1:**

Historikken kan utfyllast svært mykje, men ynskjer Kystverket å korrigere fakta i denne korte presentasjonen?

### **Spørsmål 2:**

Kystverket sitt arbeid med veg, møteplassar og bru medførte ingen overføring av eigedomsrettar til Kystverket. Er Kystverket samd i det?

### **Spørsmål 3:**

Kystverket bygde dei siste 40 meter på nordre molo i 1986 -1987. Dette arbeidet i seg sjølv gjev ikkje Kystverket eigedomsrett på nokon del av nordre molo. Er Kystverket samd i det?

#### **Spørsmål 4:**

Kystverket bygde søndre molo i 1986-1987. Dette arbeidet i seg sjølv gjev ikkje Kystverket eigedomsrett på nokon del av søndre molo. Er Kystverket samd i det?

#### **Spørsmål 5:**

MOLOHÅNDBOKA frå Kystverket er datert 01.12.2018 og signert av kystdirektøren. **Grunnrettigheter og eiendomsforhold** er omtala på side 56. Er opplysningane der framleis Kystverket sitt syn?

Moloane i Brandal er ikkje matrikulerte enno. Men det tyder ikkje at dei er eigarlaus.

Molohåndboka slår fast at moloeigar er den som rår over grunnen moloen ligg på. Dersom det ikkje er gjort avtale om noko anna. Vi veit at det er fleire ulike rettar som kan leggast til grunn i denne saka.

- Vi har eigedomsrett på land.
- Vi har eigedomsrett i sjø eller sjøgrunn.
- Vi har utfyllingsrettar i sjø.

Hareid kommune kan ikkje sjå at det er tinglyste dokument som omhandlar overføring av grunneigarrettar til Kystverket i området for Brandal fiskerihamn. Situasjonen krev avklaring av om Kystverket har dokument og signerte avtalar som ikkje er tinglyste.

#### **Spørsmål 6:**

Hareid kommune kjenner ikkje til at Kystverket har fått overført eigedomsrettar på land.

Har Kystverket dokument som kan stadfeste slike overføringar?

#### **Spørsmål 7:**

Hareid kommune kjenner ikkje til at Kystverket har fått overført eigedomsrettar i sjø eller sjøgrunn. Har Kystverket dokument som kan stadfeste slike overføringar?

#### **Spørsmål 8:**

Hareid kommune kjenner ikkje til at Kystverket har fått overført utfyllingsrettar i sjø. Har Kystverket dokument som kan stadfeste slike overføringar?

#### **Spørsmål 9:**

Etter Hareid kommune sitt syn er det eigedomsrettane på land som er avgjerande for eigedomsretten av moloane. Eigedomsretten på land grensande til sjøen styrer eigedomsretten til sjøgrunnen. Der eigedomsretten til sjøgrunnen opphøyrer er det utfyllingsretten som er avgjerande. Ser Kystverket noko anna rettsgrunnlag for å hevde eigedomsrett til molo i Brandal?

**Spørsmål 10:**

Hareid kommune har ikkje avklara grenser for eigedomsrett i sjø og utfyllingsrettar mellom seg og tilgrensande naboegedomar. Det har ikkje vore behov for det enno. Men desse naboane må sjåast som partar i saka enten ein ser dei som rettshavarar eller naboar. Kva er kystverket si grunngeving for å ikkje varsle eller kontakte desse i avhendingssaka?

**Spørsmål 11:**

Kystverket har i oppdrag å avhende Brandal fiskerihamn. Det vil i så fall medføre at status som statleg fiskerihamn vil opphøyre. Kystverket sitt forvaltingsansvar vil også ta slutt. Dette forvaltingsansvaret medfører ein kostnad og ein risiko. Det er vanskeleg å lese korleis dette eventuelt speglar seg i verditaksten. Den bør i så fall kome fram med negativ verdi. Dersom vi legg til grunn at fast eigedom fell bort i verditaksten er det berre forvaltar- og risikoansvaret som står att. Kva tilbod kan Kystverket gje Hareid kommune på det grunnlaget?